



Torsdag 24. august

For dei som ønskjer å reisa til Ytste Skotet alt på torsdagen kan vi ordne ein felles henting ved Dyrkorn for transport over fjorden t.d. kl. 18.00. Hugs å ta med sovepose!

Fredag 25. august

09.15 Båt frå Dyrkorn

09.30-10.00 Vandring opp til Ytste Skotet. Skotet ligg ca. 250 moh. Stien opp er ca. 1 km, litt bratt i starten, men fin å gå. Med roleg turtempo tek turen 20 - 30 minuttar.

10.00 – 10.30 Velkommen til Skotet. Kaffi og frukt.

10.30 – 12.00 Tur til nabogardane Me-Skotet og Inste-Skotet. På Me-Skotet møter vi Idar Skotte som har vakse opp på garden og har mykje interessant å fortelje om drifta av garden.

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 16.30 Omvising på Ytste Skotet og kulturlandskapet knytt til høgdegarden. Vandringa er lett og utan bratte parti. På turen til slåttemyra som tek 15 - 20 minutt ser vi på dei typiske artane, mellom anna solblom og orkidèar, og diskuterer moglegheiter og utfordringar knytte til forskning, skjøtsel og formidling.

17.00 Båttransport over fjorden. Frå Dyrkorn går det ein rutebuss 17.30

Praktiske opplysingar

Hugs: Vi kjem til å vera mykje ute og det vil vera litt gåing. Vêret kan vera variabelt. Ta med varme og vind- og vasstette klede, og gode sko (gjerne fjellsko eller gummistøvlar)!

Overnatting

Du ordnar sjølv overnatting. Det vil vera mogleg å koma til Ytste Skotet på torsdagen og overnatta der. Har du heller lyst å overnatta på hotell kan du enten bu i Ålesund, Sjøholt eller kjem du med bil spørfrå kan Stranda vera ei moglegheit.

På fredagen går det i høve buss frå Sjøholt til Dyrkorn kl 9. Frå Ålesund går bussen 7.55 og skifte buss på Sjøholt. Om det er noen som vil sove på Stranda kan man ta ferje Stranda-Liabygd kl 8.45 og være omtrent kvart over 9 på Dyrkorn.

Deltakaravgift

Kostnad for seminaret er 350 kr og det dekker lunsj og båttransport. Overnattar du på Skotet og ønskjer kveldsmat og grautfrukost tilkommer ein pris på kr 350.

Påmelding

Frist: 1. juli

Påmelding: De Heibergske Samlinger; marie@misf.no , telefon: 47 45 02 19

Namn:

Institusjon:

Fakturaadresse:

Spesielle omsyn:

Eg ønskjer å overnatta på Skotet og ønskjer kveldsmat og frukost:

.....

Anna:

Transport:

Dersom du vil sjå på kollektivtrafikk til/ frå Dyrkorn -Ålesund, sjå på lokalrute 210: Valldal-Sjøholt-Ålesund- rute 100: FRAM Ekspress (Kristiansund – Ålesund) –og rute 660: Flybussen Ålesund. Døme på reise heim er:

Frå Dyrkorn - Sjøholt	Frå Sjøholt til Moa	Frå Moa til Vigra
15.30 – 15.48	15.50. – 16.20	16.30 - 17. 20
17.30 – 17.45	17.50 – 18.20	18.30 – 19.20